

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
063/2017	Formannskapet i Radøy	PS	19.10.2017
048/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	26.10.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	16/1186	17/12224

Budsjettregulering

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I tertialmelding for perioden januar – august 2017 vert det kommentert trong for budsjettregulering på nokre område.

Drift Skjema 1A og 1B

Sum fordelt til drift (1A)	955.000
Meir/mindreforbuk (1A)	-955.000
Helse og omsorg (1B)	+ 955.000
Sum skjema 1B	+ 955.000

Innan barnevernet har fleire akutt plasseringar og andre tiltak ført til trong for auka løyvingar. Det er først og fremst kostnader til fosterheimar og besøksheimar som aukar, men det er også trong for auka midlar til kjøp av tenester frå private institusjonar. På den andre sida er det redusert omfang i kjøp av statlege plassar. Samla trong for auka løyving til barnevernet er kr 955.000.

Rådmannen vurderer dette som rett prioritering, reduksjon av dyre plassar i statlege tiltak, og auka bruk av besøksheim og fosterheim. Rådmannen kan ikkje finna innsparingar til å dekke desse nødvendige meirkostnadene, og må difor rå til at saldering blir gjort ved reduksjon av mindreforbruket i 2017.

Investering, skjema 2A og 2B:

Investering skjema 2A og 2B

Bruk av lån (2A)	50 900 000
Bø barnehage (2B)	-23 087 000
Solhall kjøp av bygg	-11 813 000
Renseanlegg Manger (2B)	-15 000 000
Turveg Manger (2B)	-1 000 000
Netto endring	-

Bø barnehage: Forum Arkitekter har utarbeidd anbudsdokument for den nye barnehagen, og arbeid med reguleringsplan for området startar i desse dagar. Byggearbeid startar først i 2018, og rådmannen ber om at budsjettet vert redusert med ytterlegare 23,087 mill. Det vil då stå att 1,1 mill

til arkitekt mv. i 2017. Løyvinga har tidlegare vore redusert med overføring til Manger skule, 1,9 mill, kjøp Solhall 2,913 mill og til Radøyhallen 1 mill.

Turveg Manger: Del to av løypa var ferdig prosjektert i vår, men vart i første runde forsinka i påvente av dispensasjon frå Statens Vegvesen, fordi turvegen ligg mindre enn 50 m frå fylkesveg. Prosjektet vert lyst ut under føresetnad av at det vert gitt byggeløyve. Sjølv om det vil kunne inngåast kontrakt før årsskiftet, er det grunn til å tru at mesteparten av arbeidet vert utført i 2018. Rådmannen ber difor om at løyvinga vert redusert med 1 mill, slik at det står att 1 mill til kostnader i 2017.

Solhall kjøp og oppgradering

Kommunestyret gjorde i september vedtak om å kjøpa Solhall frå Helse Bergen. Av ulike årsaker ønskjer Helse Bergen å overdraga eigedomen først i 2018. Budsjettet må difor justerast ned tilsvarende kjøpesummen. Samstundes ønskjer rådmannen at det står att kr 1.000.000 til arkitekt og eventuelle oppgraderingar som blir gjort i 2017.

Reinseanlegg Manger: Lokalisering av anlegget er avklart, og det er inngått avtale om kjøp av grunn på Manger kai, under føresetnad av at kommunen får naudsynte løyve til å gjennomføra prosjektet på ønska tomt. Tiltaket krev reguleringsplan. Oppdrag med utarbeiding av reguleringsplan er tildelt, og høyringsutkast skal vera klart i desember. Arbeidet vil ikkje bli starta før reguleringsplan er ferdigstilt og godkjent, og byggearbeid vil såleis ikkje starta i 2017. Dette påverkar også gjennomføring av andre avløpsprosjekt på Manger: sanering Mangersvågen, nye leidningsnett Mangersvågen og ny pumpestasjon. Rådmannen ber difor om at løyving til avløpsprosjekt vert redusert med 15 mill. Det står då att 3,4 mill til kostnader som kjem på i 2017.

Samla gir dette redusert trong for bruk av lånemidlar på 54,813 mill i 2017. Låneopptak er gjennomført i samsvar med tidlegare budsjett, men førebels er berre 20 mill utbetalt. Rådmannen vil løypande vurdera trong for utbetaling av ytterlegare lånemidlar i 2017.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Budsjett for 2017 vert regulert i samsvar med skjema 1 og 2:

Drift Skjema 1A og 1B

Sum fordelt til drift (1A)	955.000
Meir/mindreforbuk (1A)	-955.000
Helse og omsorg (1B)	+ 955.000
Sum skjema 1B	+ 955.000

Investering skjema 2A og 2B

Bruk av lån (2A)	50 900 000
Bø barnehage (2B)	-23 087 000
Solhall kjøp av bygg	-11 813 000
Renseanlegg Manger (2B)	-15 000 000
Turveg Manger (2B)	-1 000 000
Netto endring	-

Formannskapet i Radøy - 063/2017

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Budsjett for 2017 vert regulert i samsvar med skjema 1 og 2:

Drift Skjema 1A og 1B	
Sum fordelt til drift (1A)	955.000
Meir/mindreforbuk (1A)	-955.000
Helse og omsorg (1B)	+ 955.000
Sum skjema 1B	+ 955.000

Investering skjema 2A og 2B	
Bruk av lån (2A)	50 900 000
Bø barnehage (2B)	-23 087 000
Solhall kjøp av bygg	-11 813 000
Renseanlegg Manger (2B)	-15 000 000
Turveg Manger (2B)	-1 000 000
Netto endring	-

Kommunestyret i Radøy - 048/2017

KS - handsaming:

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

KS - vedtak:

Budsjett for 2017 vert regulert i samsvar med skjema 1 og 2:

Drift Skjema 1A og 1B	
Sum fordelt til drift (1A)	955.000
Meir/mindreforbuk (1A)	-955.000
Helse og omsorg (1B)	+ 955.000
Sum skjema 1B	+ 955.000

Investering skjema 2A og 2B	
Bruk av lån (2A)	50 900 000
Bø barnehage (2B)	-23 087 000
Solhall kjøp av bygg	-11 813 000
Renseanlegg Manger (2B)	-15 000 000
Turveg Manger (2B)	-1 000 000
Netto endring	-

